

**Protokoll**  
**Regionrådet Nordhordland – fredag 4. november**

<b>Møte:</b>	6-2022
<b>Tid:</b>	Fredag 4. november kl. 09:00
<b>Stad:</b>	Region Nordhordland Helsehus, kunnskapssenter, møterom Nordhordland

**Til stades:**

<b>Ordfører:</b>	Sara Sekkingstad (Alver), Per Lerøy (Austrheim), Stian Herøy (Fedje), Hallvard Oppedal (Gulen), Kjetil Eikefet (Modalen), Lars Fjeldstad (Osterøy), Hege Eide Vik (Vaksdal)
<b>Kommunedirektører:</b>	Ørjan Raknes Forthun (Alver), Bjørnar Fjellhaug (Austrheim), Svein Helge Hofslundsengen (Masfjorden), Jo Bjarte Tømmerbakke (Modalen), Atle Fasteland (Vaksdal)
<b>Adm:</b>	Rune Heradstveit, Bent Gunnar Næss
<b>Andre:</b>	Martin Kulild (Alver) Sak 38/22: Bjørn Berg og Ove-Christian Fredriksen, NGIR Sak 39/22: Anna Maria Langeland og Bjarte Bøe Alrek, Husbanken
<b>Forfall:</b>	Karstein Totland (Masfjorden), Reidun Halland (Gulen), Berit Rystad (Fedje), Ingvild Hjelmtveit (Osterøy)

Sak 36/22	<p><b>Godkjenning, møteinnkalling og saksliste</b> I Karstein Totland sitt fråvær, leia Sara Sekkingstad møtet.</p> <p><b>Vedtak:</b> Møteinnkalling og saksliste vart godkjent utan merknadar.</p>
Sak 37/22	<p><b>Godkjenning protokoll møte 5-2022</b></p> <p><b>Vedtak:</b> Møteprotokoll frå møte 5-2022 vart godkjent utan merknadar.</p>
Sak 38/22	<p><b>NGIR, informasjon sak om framtidig selskapsorganisering</b> Dagleg leiar Bjørn Berg og økonomileiar Ove-Christian Fredriksen orienterte om forslag til framtidig selskapsorganisering som er sendt ut til eigarkommunane. (Presentasjon vedlagt)</p> <p>I hovudsak er bakgrunnen for forslaget om å dela opp i tre AS (Næring, Drift og Hushald) under morselskapet NGIR IKS:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ sikra framtidige krav til produksjonsmetodar og leggja til rette for vidare utvikling bl.a. i det grøne skiftet og sirkulær økonomi</li> <li>▪ driva selskapet effektivt, sikra dagens stordriftsfordelar og spreia økonomisk risiko,</li> <li>▪ sikra tenesta for hushalda</li> <li>▪ sikra arbeidsplassar og like vilkår og rettar for alle tilsette i NGIR</li> </ul> <p>Dersom kommunane ønskjer det, kjem gjerne NGIR ut og orienterer i den enkelte kommune.</p> <p><b>Vedtak:</b> Regionrådet tar orienteringa til vitande.</p>

Sak 39/22	<p><b>Informasjon frå Husbanken</b> Direktør Anna Maria Langeland og avdelingsdirektør Bjarte Bøe Alrek informerte om mål, prioriterte innsatsområde og verkemidlar som Husbanken sit på med tanke på kommunane. (Presentasjon vedlagt)</p> <p>Husbanken har mange gode verkemidlar, men oppleverer at kommunane og andre ikkje kjenner nok til desse, og at ein dermed går glipp av moglegheiter. T.d. er startlån eit viktig verkemiddel som inneheldt både skjønn og fleksibilitet, men som ein trur kommunane ikkje nyttar seg nok av grunna manglande kunnskap om ordninga.</p> <p>Husbanken ønskjer tettare samarbeid om prosjekt med kommunane og viste til vellukka prosjekt som er gjennomført.</p> <p><b>Vedtak:</b> Regionrådet tar orienteringa til vitande.</p>
Sak 40/22	<p><b>Status Interkommunal plan for sjøareal</b> Bent Gunnar Næss orienterte kort om status for planarbeidet, og minna om at planen ligg ute på høyring, og at det vert høyringsmøte 15. november kl. 18:00 i Region Nordhordland Helsehus.</p> <p><b>Vedtak:</b> Regionrådet tar orienteringa til vitande.</p>
Sak 41/22	<p><b>Ekspertutvalet si innstilling om U-864 - høyring. Vidare oppfølging.</b></p> <p><b>Vedtak:</b> Regionrådet vedtar å senda eit skriv til ansvarleg departement om at ekspertutvalet si innstillinga må følgjast opp med midlar i 2023. Administrasjonen saman med Stian Herøy og Per Lerøy forfattar eit skriv om dette.</p>
Sak 42/22	<p><b>Kommunar og straumavtalar</b> Per Lerøy stilte spørsmål om korleis status er for kommunane og straumavtalar, og om kommunane burde samarbeida om dette. Det kom fram at det allereie var ein pågåande dialog mellom Masfjorden, Alver, Osterøy og Samnanger. Fleire signaliserte at dei gjerne ville vera med på dette. Svein Helge Hofslundsen undersøker om det er mogleg.</p> <p><b>Vedtak:</b> Vidare oppfølging av dette skjer mellom kommunane.</p>
Sak 43/22	<p><b>Regional næringsstrategi</b> Rune Heradstveit gjekk kort gjennom regional næringsstrategi slik det vart vedtatt i juni. Deretter var det gruppearbeid for å få fram dei viktigaste sakene / prosjekta / tiltaka ein bør fokusera på regionalt i 2023 og 2024. Tilbakemeldingane i gruppearbeidet vert tatt med tilbake til arbeidsgruppa slik at ein kan jobba vidare med utforming av tiltak / oppfølging.</p>
Sak 44/22	<p><b>Eventuelt</b></p> <p><b>Vedr. møte med statsforvaltar Liv Signe Navarsete</b> Det var ikkje mogeleg å finna møtetidspunkt som passa for statsforvaltar og Regionrådet før jul, ein prøver å få til eit møte den 13. januar.</p>

	<p><b>Ambulansetenesta – og forslag i Helse Bergen om å kutta ein AMB på kveld og natt</b></p> <p>Sara Sekkingstad gjorde greie for forslag internt i Helse Bergen om å kutta ein AMB på kveld og natt i samband med at Helse Bergen må gjera store kutt i budsjett. Dette rårar ambulansestasjonane i Knarvik, Øygarden og Voss. Sekkingstad har derfor hatt dialog med ordførarane i Øygarden og Voss om dette.</p> <p>Dersom dette forslaget går gjennom, får dette fort konsekvensar for ambulansane i heile Nordhordland då bilar frå distriktet (Austrheim, Gulen og gjerne Osterøy) vert trekt inn mot Knarvik, Åsane, Bergen etter behov. Dette kan bety samtidighetskonfliktar, lengre utrykkingstid, meir bruk av LV / legevaktbil og meir avhengigheit av luftambulanse. Ein ser og for seg at «first responder tenesta til brannvesen fort kan bli ei sovepute.</p> <p>Saka er ikkje styrehandsama i Helse Bergen enno.</p> <p>Det er no viktig å få fram rett kunnskap og fakta om saka, bl.a. informasjon frå fagfolk, ROS-analyser, tidlegare ambulanse-/helseplanar m.v. Det vert og jobba med å få saka opp i Strategisk samarbeidsutval.</p> <p><b>Vedtak:</b></p> <p>Regionrådet ønskjer å vera tydeleg på at ambulansetenesta / beredskap ikkje er rette plassen å spara pengar på. Regionrådet vil senda ein uttale om dette til Helse Bergen HF i forkant av styremøtet i desember, og ber Alver kommune som vertskommune for legevakt jobba litt meir med saka og koma tilbake med forslag til skriv.</p>
	<p><b>Anna</b></p> <p>Rune Heradstveit informerte om at ein har starta ein prosess med å sjå på kva ein skal bruka arealet til sengepost i RNH til når ØHD vert lagt ned til nyttår.</p>

Knarvik, 4. november 2022

*Sara H. Sekkingstad*

Sara Sekkingstad  
Nestleiar  
Regionrådet Nordhordland

*Rune Heradstveit*

Rune Heradstveit  
Dagleg leiar  
Region Nordhordland IKS

Vedlegg:

Sak 38/22: Presentasjon, NGIR – forslag til ny selskapsstruktur  
Sak 39/22: Presentasjon, Husbanken